

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

April 2019



Gir seg i Skånevik



Satsar på orgel



KYRKJA

TRENG DEG!

Kyrkjevalet



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:
Eli Synnøve S. Garvik
Soknerådsleiar Etne: Arnold Solheim
Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:
Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjevevjerje
kyrkjevevjerja@etnekyrkja.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Per Hjemdal
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
41 12 65 49



Randi Matre
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
99 64 36 74



Stein Ove Skadal
Sokneprest Skånevik
spresten@etnekyrkja.no
47 48 30 27



Bjørn Stødle
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekyrkja.no
91 19 99 60



Solveig Sørheim
Organist
organist@etnekyrkja.no
40 28 68 71

Namn: Erlend Løvgren Auestad

Alder: 21 år

Frå: Kaldheim i Etne

Bustad: Hamar, der han går på Toneheim folkehøgskule dette året

Aktuell: Erlend har bestemt seg for å starta på utdanning for å bli kyrkjemusikar, og skal byrje på 4-årig bachelorstudium i kyrkjemusikk hausten 2019.

For ikkje lenge sidan sat Erlend Løvgren Auestad på orgelkrakken i Etne kyrkje og spela til kveldskonert. Kyrkjeposten vart nysgjerrig på kva som gjer at ein ungdom kan tenkje seg ei framtid som kyrkjemusikar, og Erlend stilte villig opp.

Kvar kom tanken om orgelspel frå?

Tanken kom ganske fort etter eg prøvde, og innsåg kor kjekt det er å spele orgel. Eg gler meg til å ha ein jobb der eg får bruke mykje av tida mi ved orgelet. Eg er veldig glad i klassisk orgelmusikk, men ser óg fram til å jobbe mykje med liturgi og liturgisk musikk.

Har du spelt lenge?

Eg har spelt piano sidan eg var 5-6 år, men det var ikkje før september i fjor at eg prøvde orgel. Allereie etter første time var eg ivrig på å øve og syntest det var eit veldig kjekt instrument.

Kva var det som gjorde orgelet til ein mogleg yrkesveg?

På Toneheim hadde dei orgel som eit av mange valfag ein kunne ha, og tanken var eigentleg å ha det litt på sida av piano. Fellesundervisninga me hadde var retta mot liturgisk spel, men eg fekk mykje tid til å sitte i kyrkja å øve på eiga hand. Der jobba eg mest med klassiske stykke, men óg med liturgien. Etter eit par veker var eg sikker på eg ville utdanne meg innan kyrkjemusikk.

Ung og lovande kyrkjemusikar

Kva er ein kyrkjemusikar? Er noko forskjellig frå ein kantor eller organist?

Ein kyrkjemusikar er kort sagt ein person som har ansvar for det musikalske i ei kyrkje-lyd. Det inneber ikkje nødvendigvis berre orgelspel, mange er også musikalske leiarar for kor eller andre musikkgrupper.

Mange er av oppfatninga at ein kantor har utdanning medan ein organist er sjølvlært. Det stemmer ikkje nødvendigvis. Ein organist og ein kantor kan ha like solid utdanning, men ein har valet om å bli vigsla til kantor eller ikkje ved fullend utdanning. Om ein har stilling som kantor vil ein ofte ha noko høgare løn enn om ein har stilling som organist. Utover det er det i grunnen ingen forskjell mellom organist og kantor. Ein som ikkje har utdanning kan òg kalle seg organist, men har betydeleg lågare minstelønn enn ein organist med utdanning.

Har du fått prøve deg?

Eg har vore med i eit par gudstenester både på Hamar og i Etne, og har fått litt praksis gjennom det. Eg ser veldig fram til å vikariere heime i Etne til sommaren.

Er utdanninga aktuell for andre yrker?

Andre kyrkjesamfunn?

Ein kan kombinere ei stilling som kyrkjemusikar med t.d. undervisning, i tillegg kan ein jobbe som freelance-musikar. Det er stor mangel på organistar i Noreg, og eg er sikker på at ein vil få tilbod om jobb i andre kyrkjesamfunn enn den norske kyrkja om ein vil det. Ein vil nok treffe på ulik liturgi, men det er vel alltid kjekt med nye utfordringar.

Er det mykje spesialisering inn mot sjølve kyrkjemusikken? Er det mykje innan kyrkjemusikken som ein ikkje finn i anna musikalsk utdanning?

Utdanninga er meint for å utdanne organistar/kantor, så det er klart at ein stor del av

utdanninga fokuserer på kyrkjemusikken. I tillegg til kyrkjemusikken får ein undervisning i t.d. orgelimprovisasjon og utøvande orgel, så det er eit variert og spennande studieprogram der ein får utfordre seg sjølv innanfor fleire felt.

Den største forskjellen frå kyrkjemusikk til anna musikkutdanning er nok det liturgiske spelet. Ein kan utdanne seg som dirigent og som utøvande organist, men det er ingen andre utdanningar der ein får like grundig innføring i liturgi.

Kyrkjeposten ønsker Erlend lukke til med utdanninga!



Trudde ikkje det var vegen eg skulle gå

Då Solveig Sørheim var 18 år, var ho fast bestemt på å bli jazz-musikar. Draumen var å livnære seg som frilans pianist og akkompagnatør. Men ein dag ringte telefonen på studenthybelen på Stord, der ho budde medan ho leste og spelte på musikklinja. Det var sokneprest Jens Olav Mæland frå Etne som ringte. Heime i Etne hadde organisten gått av med pensjon, og medan dei venta på å få søkjarar til stillinga, kunne det kanskje passe for studenten å tene litt pengar og øve seg litt? Dermed blei det orgel heller enn folkehøgskule.

Men Solveig ante fint lite om at ho då gjekk inn på ein veg som skulle ende med at ho blei organist. For sjølv om vikariatet som varte eit år, gav innsyn i ein variert og spennande kvardag, var det langt frå hennar tanke å satse innafor kyrkjemusikk.

Solveig fortel: *"Eg kjem frå det som vel kan kallast ein folkekyrkje-familie. Eg vaks opp med å gå i kyrkja på julaften og på andre store familiedagar. Sånn sett har kyrkja alltid vore der som noko som rammar inn livet. Men noko aktivt forhold til gudstenesta, salmesong og liturgi har eg ikkje hatt. Difor var det spennande å møte det som mest var ein ukjend musikalsk verden for meg. Eg hugsar at eg som beilt ung organistvikar hadde litt problem med å distansere meg frå det som gjekk føre seg, men skjønte etter kvart at eg ikkje kunne la meg røre til tårar under kvar gravferd! Då blei det vanskeleg å sjå kva eg skulle spele."*

Solveig enda vikariatet og vendte attende til Bergen. No var planen ikkje så mykje å spele jazz, som det var å studere komposisjon. Og det er det som er utdanninga: Komponist, noko ho har som ei glede og utfordring ved sida av organistjobben. Ho har nettopp avslutta eit bestillingsverk for kammerkoret Gneis i Bergen, og er allereie i gang med neste komponistprosjekt; eit bestillingsverk til musikkfestivalen Borealis i 2020.

Men heller ikkje som studerande i komposisjon, let kyrkja Solveig vere i fred. Denne gong var det metodistkyrkja i Bergen som vendte seg til Solveig:

"Organisten i 1. metodistkyrkje i Fyllingsdalen hadde fått nyss om ein student med erfaring. I det ho slutta, tilbydde dei meg deltid som kyrkjemusikar der. Ein student har jo alltiids bruk for litt ekstra løn i studentkvardagen, så det var ikkje vondt å



svare ja. Men før eg fekk sukk for meg, hadde eg vore organist der i 6 år!"

Dermed blei det også studiar i kyrkjemusikk, dersom det var slik at Nokon hadde andre planar for yrkesval og karriere enn ho sjølv hadde. Solveig er takknemleg for god erfaring frå metodistkyrkja og for alle dei trivelege menneska der. Difor fekk også kyrkja i Fyllingsdalen vere ramma då ho gifte seg med sin kjære Torbjørn i 2010.

"Torbjørn kjem frå Bømlo. Planen vår var å etablere seg der, for der har vi familie, og der var det ledig stilling i kyrkja som organist. Sjølv om eg ikkje såg for meg at det skulle bli framtida mi, visste eg iallfall kva arbeidet bestod i! Men medan søknaden min låg til handsaming hos Bømlo kyrkjelege fellesråd, ringte kyrkjeverja i Etne og bad meg søkje her også."

Intervjuet til stillinga i Etne blei gjort unna med kake og triveleg drøs, og så var det hit vegen gjekk. No har ho spelt i kyrkja til høgtid og helg i meir enn 8 år allereie. Familien har slått seg til ro, og det gamle huset frå foreldra er nyleg blitt modernisert og bygd på. Men at ho skulle bruke det meste av arbeidsdagen i kyrkja, var aldri planen.

"Eg hadde aldri sett for meg at eg skulle ende som organist på heiltid. Men det er ein god og triveleg

jobb, som det er lett å finne glede i. Mange ulike utfordringar, med alt frå stille kveldsgudstenester, livlege skulebesøk og jublande prosjektkor. Å vere organist er å la seg omgje av ei lang og spennande musikkhistorie med rom både for folkemusikk, som eg er veldig glad i, og høgkyrkjelege liturgiske krumspring saman med prestane. I tillegg er det fint å få bety noko for folk både i glede og sorg."



Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder seier takk for alle gåver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 112914, merk med
«Kyrkjeposten»

Opningstider

Onsdag og fredag 11-16, laurdag 11-15

Velkomen innom for ein god
handel!



Saman gjer vi ein forskjell

Fasteaksjonen

For meir enn 50 år sidan bestemte kyrkjelydane i Noreg at dei skulle ha ein årleg innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt internasjonale arbeid. Fasteaksjonen er i dag den nest største innsamlingsaksjonen i Noreg, – etter TV-aksjonen. Aksjonen er lagt i ei tid av kyrkjeåret som heiter fastetida. Fastetida varer i 40 dagar frå askeonsdag, men sjølve Fasteaksjonen blir arrangert over heile landet søndag til tysdag før palmesøndag, altså 7. – 9. april.

844 millionar menneske manglar tilgang til reint vatn. Tema for Fasteaksjonen 2019 handlar om Kirkens Nødhjelps arbeid med vatn og sanitær i utsette områder kring i verda.

Saman gjer vi ein forskjell

Kirkens Nødhjelp arbeider med vatn, sanitær og hygiene i langsiktige utviklingsprosjekt og akutte katastrofesituasjonar over heile verden. Målet er å sikre menneske tilgang til reint vatn og legge til rette for god hygienepraktis i fattige og marginaliserte lokalsamfunn. Middel frå fasteaksjonen går blant anna til dette arbeidet.

Fram til 2017 har Kirkens Nødhjelp saman med lokale partnarar, sikra tilgang til reint vatn for 2,811,000 menneske. Slik bidrar ein også til å gje grunnleggjande rettigheter. For eksempel er det i hovudsak kvinner og jenter, gjerne i skulealder, som må hente vatn til familien. Fordi dei må gå timesvis kvar dag for å hente vatn, droppar difor mange jenter skulen.

Ta vel imot konfirmantane når dei kjem på døra!

Og hugs – fekk du ikkje gitt, er det lett å sende sms eller vippse!

Resultat 2018:

Etne: 29 767 kroner

Skånevik: 15 094 kroner



Fasteaksjonen 2019
7.–9. april

Gi et liv med rent vann
Vipps til 2426
eller **sms VANN til 2426** (200 kr)


KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Påske 2019



Per Hjemdal, sokneprest

"Det er greitt nok å gå i kyrkja, men eg opplever Gud både større og nærare når eg er ute i det frie skaparverk!"

Dette er ei ikkje ukjend utsegn for ein prest. Eg har møtt det fleire gonger, sjølv om det kanskje ikkje er nett dei orda som blei brukt. Men det er mange som stansar i Guds frie natur og nyter det storslåtte skaparverket vi får erfare og leve midt i. Det er vakkert med kvite påskefjell, med blå himmel og vidt utsyn. Det er skjønt med solveggen etter ein god skitur, den varme kjensla av å ha brukt kroppen når ein set seg ned om kvelden. Og går ein utanfor ein tur om natta på fjellet, kan stjernehimmelen over oss ta pusten frå nokon kvar.

Nattehimmelen seier kanskje aller mest om Guds storleik, syns eg. Kjensla av å vere liten, mest heilt ubetydeleg er av og til påtrengande. Men så møter Gud oss i sitt ord og seier: Høyr, eg er ikkje berre så stor at eg har skapt universet, men så utruleg stor at eg har full kontroll på det heile. Også på meg, vesle kryp på jorda. Det er godt å tenke på! Matteus 10, 29ff: *Blir ikkje to sporvar selde for ein skilling? Og ikkje ein av dei fell til jorda utan at Far dykkar er der. Ja, kvart hårstrå på hovudet dykkar er talt. Så ver ikkje redde! De er meir verde enn mange sporvar.*

Uansett, for den som har det slik at ein føretrekk å møte Gud i det fri, stiller no Kyrkje-posten opp med litt ekstra hjelp: Desse sidene av Kyrkje-posten kan ein til og med nappe ut og brette saman og legge i lomma eller sekken når du skal på tur. Og når du har stansa ein stad og ikkje har dekning eller berre vil ha fri frå skjermen, kan du ta fram desse sidene. Kanskje kan du utfordre turkameraten på påske-quiz? Eller vil du heller

utfordra meg når eg har sett saman ei liste over påska frå A til Å

– det er slett ikkje sikkert du er samd i vala mine! T for Tornekrone? Kva med T for Tilgjeving, som vi kan få no når Jesus har sona for våre synder? Kor mange andre gode påskeord klarar du å finne?

Og for ein stille andakt i det fri, har vi tatt med ei vakker salme her under. Ta deg tid til å grunne over orda. Det var den sveitsiske salmediktaren Edmond Louis Budry som i 1885 dikta denne kjende salma, og presten Arne Fjelberg som sidan omsette den til norsk. Melodien er det sjølvaste Georg Friedrich Händel som står for!

Til slutt: Det er sjølv sagt slik at om nokon no tenker: Å overvinne døden? Dette med påska vil eg vite meir om! – ja, då er alle velkommen til kyrkja!

*Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!*

*Frykt ikke mere! Evig er han med.
Troens øye ser det; Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei.
Evig skal han regjere, aldri frykter jeg*

*Se, Herren lever! Salige morgenstund
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger; Frelseren er her!
Pris han, alle tunger, Kristus Herre er!*

A for Agnus Dei. Tyder Guds lam. Jesus er eit offerlam for menneska si synd.

B for Brødsbrytinga. Nattverden, oppstod i det Jesus la nytt innhald i det jødiske påskemåltidet.

C for Cirka. Jesus var ca. 33 år gamal då han døydde.

D for Davids son. Messias, kongen frå Gud, skulle høyre til Davids ætt. Jesus stamma frå David både på mors- og farssida.

E for eselet Jesus reid på. Profeten Sakarja hadde forkynt at kongen skulle vere audmjuk og ri på eit esel, *Sak 9,9*.

F for Fornekting. Peter nekta 3 gonger at han kjente Jesus, enda han hadde skrytt av sitt eige mot. Jesus sa på førehand at det kom til å skje.

G for Gå forbi. Påske, pascha på hebraisk, tyder "gå forbi" og viser til natta då engelen frå Gud slo ihel dei førstefødde hjå egyptarane, men gjekk forbi heimane til hebrearane, som hadde smurt blod frå eit lam på dørstokkane. 2. *Mosebok 11*.

H for Herodes. Herodes Antipas var konge i Galilea då Jesus døydde. Han vona å sjå under og teikn, men då Jesus var taus, spotta han Jesus saman med soldatane sine.

I for INRI. Innskrifta Pilatus sette på korset: I for Iesus, N for Nazarenum (frå Nasaret), R for Rex (konge), I for Iudaeorum (jødane). Det latinske alfabetet hadde ikkje bokstaven J.

J for Jesus, hovudperson i påska og den einaste i verda som har overvunne døden i eige kraft! Sann Gud og sant menneske.

K for Krossen der Jesus døydde. Jesus døydde etter berre 6 timar, men av og til kunne krossfestinga vare i fire-fem dagar.

L for Langfredag. Den mørke dagen då Jesus døydde.

M for Månen. Påskedag kjem alltid første søndag etter første fullmåne etter vårjamdøgn. Difor er påska ein høgtid som flyttar seg på kalenderen.

N for Nikea, byen der kyrkja sine fremste teologar blei samd om ei formulering som presist sa kven kyrkja trur Jesus var og er.

O for Oppstoda. Jesus stod opp den 3. dagen etter at han døydde.

P for Pontius Pilatus, den 5. romerske landshøvdingen i Judea etter at romarane tok kontroll over landet og den som offisielt dømte Jesus til å døy.

Q for Quo vadis, historisk roman av Henryk Sienkiewicz, utgitt i 1896. Tittelen spelar på Johannes 13, 36. Historia handlar om Peter som til slutt må gå same veg som Jesus når han dør for Jesu skuld.

R for Røvaren på korset. To forbrytarar blei korsfesta saman med Jesus. Ein spotta, men ein trudde og ble frelst. *Lukas 23, 39-43*.

S for Skjærtorsdag. Skjær tyder "rein" (Skir) og speler på at Jesus innstifta nattverden på torsdagen. Ved nattverden får ein tilgjeving for synd og blir rein.

T for Tornekrone. Dei romerske soldatane fletta ei krone av tornar som dei sette på Jesu hovud for å gjere narr av han.

U for Uskuldig. Klagemåla mot Jesus om at han skulle ha spotta Gud og Guds tempel var falske, og blei framført av upålitelege vitnar, *Mark. 14, 55-64*

V for Vin, som blei drukke ved påskemåltidet. Ved Guds skaparord og krafta frå



Den Heilage Ande blir vin til Jesu blod i nattverden.

W for weekend. For mange er påska først og fremst ein lang-weekend der ein kan kose seg litt ekstra.

X for ein annan type kross som romarane brukte. Jesus blei antakeleg krossfest på ein vanleg t-forma kross.

Y for Ynkeleg. Ynkeleg og forakta, ein som ikkje blei rekna for noko – slik profeterte Jesaja om Jesus fleire hundreår før han døydde. *Jesaja 53.*

Z for Zzzzz. Sjølv Jesu næraste og mest fortrulege vener svikta når han bad dei be med han. Dei sovna i staden! *Matt. 26.*

Æ for ære. Jesus sjølv kalla det å bli krossfest for å bli herleggjort. *Joh. 12, 23.*

Ø for Øvsteprest. Kaifas var øvsteprest når Jesus døyde, og tala profetisk utan å vite det, i det han sa at det var betre at ein mann døydde for folket enn at heile folket gjekk til grunne. *Joh. 11, 49-50*

Å for Åker. Judas, som sveik Jesus, angra og tok livet av seg sjølv. For dei 30 sølvpengane han hadde fått for sviket, kjøpte jødanes leiarar ein åker som fekk namnet "blodåkeren" og blei gravplass for utlendingar.

Alonso Cano (1601-1657): Cristo crucificado
Google Art Project

Kyrkjeporten sin tøffe påskequiz!

1) Kva salme av Johan Halmrast heitte opprinneleg «Maria Magdalenas Jubel»
1: Å salige stund uten like
X: Påskemorgen
2: Deg være ære

2) Kor lenge varer fastetida?
1: 4 veker
X: 40 dagar
2: 7 dagar

3) Kva dag kjem før aske-
onsdag?
1: Feitetysdag
X: Vasketysdag
2: Kvitetysdag

4) Jødane feira påske for å
minnast ... ?
1: Salomos tempel
X: Då Gud skapte verda
2: Utgangen frå Egypt

5) På kva dag reid Jesus inn i
Jerusalem på eit esel?
1: Palmesøndag
X: Feitetysdag
2: Askeonsdag

6) Kven blei Jesus først ført
til etter å ha blitt tatt til
fange?
1: Pontius Pilatus
X: Øvstepresten Kaifas
2: Kong Herodes

7) Kva for valdshandling
gjorde Peter i samband med
arrestasjonen av Jesus?
1: Han beit ein av soldatane
X: Han slo til Jesus
2: Han hugg øret av ein te-

nar med sverd
8) Kven av læresveinane
fekk tilnamnet «tvilaren»?
1: Peter
X: Judas
2: Tomas

9) Kven var kvinna som
advarte Pontius Pilatus mot
å ha noko med saka mot
Jesus å gjera?
1: Maria Magdalena
X: Maria, Jesu mor
2: Kona til Pilatus

10) Kva var namnet på
mordaren Pontius Pilatus
sette fri i staden for Jesus?
1: Judas Iskariot
X: Barnabas
2: Justus

11) Kven tok avgjerda om å
la Jesus bli piska?
1: Pontius Pilatus
X: Ein ukjend soldat
2: Øvstepresten Kaifas


12) Kva yrkesgruppe slo
Jesus med stokkar og plas-
serte ei tornekrone på ho-
vudet hans?
1: Prestane i tempelet
X: Soldatane
2: Tollarane

13) Kven hjelte Jesus å
bera krossen
1: Simon frå Kyrene
X: Saulus frå Tarsus
2: Simon Peter

14) Kva var dei siste orda

Jesus sa på krossen?
1: Det er fullbrakt!
X: Far, i dine hender gjev eg
mi ånd
2: Eg tørstar!

15) Kva avgjer tidspunktet for
påske?
1: Fullmånen
X: Litt seinare enn året før, i
ein syklus på sju år



Fastit, påskequiz:
1) 1: Å salige stund uten like -
2) X: 40 dagar - 3) 1: Feitets-
dag - 4) 2: Utgangen frå Egypt
- 5) 1: Palmesøndag - 6) X:
Øvstepresten Kaifas - 7) 2:
Han hogg øyre av ein tenar
med sverd - 8) 2: Tomas - 9) 2:
Kona til Pilatus - 10) X: Barna-
bas - 11) 1: Pontius Pilatus -
12) X: Soldatane - 13) 1: Si-
mon frå Kyrene - 14) X: Far, i

Takk til våre annonsører!



REMA 1000



Grannar
Lokalavisa for Etne og Vindafjord



Ølen Begravelsesbyrå

DØGNVAKT - Tlf: 53 76 82 03
www.olenbb.no

ETNE - VINDAFJORD - TYSVÆR



altibox

Bruk din lokale kraft- og breibandleverandør!



Det skjer mykje i kyrkja i tida som kjem, følg med i Grannar og på facebook for nærare informasjon!

<https://www.facebook.com/etnekyrkja/>

Kort og godt frå kyrkjelyden

Livets gang

ETNE

Døypte:

09.12 - Agnes Åbo

01.01 - Johanna Klungland
Littlehamar

13.01 - Mikkel Rørheim

13.01 - Ingrid Gjevre Tjelle

13.01 - Mathias Gjevre Tjelle

13.01 - Ingvald Rullestad

20.01 - Magnus Myklebust Tendal

20.01. - Elias Stølås Ramstad

27.01 - Halvard Aspmo Birkenes

17.02 - Andreas Frette

03.03 - Arne Svendsen Haug

03.03 - Olav Helgevold Jordal

Vigde:

29.12 - Terese Kringlebotten og
Oddbjørg Bauge

Gravlagde:

07.12 - Thea Våge

28.12 - Sverre Rolfsen

2019

03.01 - Oddvar Åsheim

11.01 - Jofrid Engelsgjerd

05.02 - Aslaug Johanna
Engelsgjerd

08.02 - Ragnar Thomas Opheim



Loved KonfCamp Etne satsar vidare!

For sjuande gong på rad arrangerer ACTA, barne- og ungdomsorganisasjonen til Normisjon, konfirmantleir i Etne. Denne gong er det venta i overkant at 300 konfirantar, noko som er ein nedgang frå topp-året, då meir enn 500 konfirantar tok del.

Men nedgang til trass, ACTA har ikkje planar om å leggje inn årane og trekke seg frå satsinga. Tvert om går dei no ut til eit vidare utval kyrkjelyder frå fleire kyrkjesamfunn enn berre Den norske kyrkja. med tanke på neste års konfcamp.

I år kjem det konfirantar frå Lund og Heskestad i sør, til Askøy i nord.

Sjølv om alle kyrkjelydane som tar del på leiren må stille med dei leiarar dei treng, og like eins ACTA stiller mannsterke, er det trong for hjelp ikkje minst på Skakke, der konfirmantane et og har opphaldsrom. Har du tid og overskot er det berre å ta kontakt med Ingvild Slåke, 990 13 480, så er oppgåvene mange nok!



Fullt trykk i Etne kyrkje!

Soknepresten på veg vidare

Frå 1. juni vil sokneprest Stein Ove Skadal ta fatt på ny teneste som sokneprest/stiftskapellan i Hardanger og Voss prosti, og sluttar dermed som sokneprest i Skånevik.

Stein Ove blei tilsett i Skånevik i 2014, og busette seg i prestebustaden der. Då buplikta blei oppheva, gjorde eit ønske om å vere nærare familien at han kjøpte hus i Haugesund og flytta dit.

Sjølvs om arbeidsvegen dermed har vore lang, har Stein Ove køyrd jamt og trutt til Skånevik eller Etne, for konfirmentar, gudstenester, gravferder og alt anna som fyller ein prest sin kvardag.

Stein Ove fortel at han er takksam for alle som har delt noko av livsvegen med han. Nokre har delt engasjement for trua og kyrkja, andre har delt av fortellingar om livet.

No var det tid for å gå vidare til ei ny teneste.

Vi ønsker Stein Ove lukke til, og seier takk for tida samen i Etne og Skånevik!

Per Hj.



Livets gang

SKÅNEVIK

Døypte:

06.01 - Alise Helle Tendal

03.02 - Celina Tungesvik-Fuglesang

03.02 - Emil Matre Funderud

24.02 - Steffen Markbus

Gravlagde:

20.12 - Petter Folkvord

27.12 - Olav Tjellflåt

04.01 - Gro Margrethe Ness

17.01 - Elisabeth Boken

01.02 - Gunvor Langbelle

28.02 - Sigve Kongsvik

15.03 - Ingrid Norunn Tungesvik

Kyrkjevalet

9. sep. 2019

Me har bede nokre av dei som har vore i sokneråda den siste perioden om å seia litt om tenesta.

1. Kva har vore den viktigaste og/eller kjekkaste erfaringa frå å sitte i soknerådet?
2. Har du fått eit anna eller syn på/forståing av arbeidet i kyrkja etter at du blei med?
3. Kva vil du sei til evt nye som blir spurt om å sitje i soknerådet?



**Reidar Leknes,
Skånevik**

1. Interessant med fellesrådsarbeid
2. Var vel rimeleg orientert på førehand
3. Du vil få auka innsikt i kva som skjer i kyrkja, får vera med å påverka det som skjer. Eg trur du vil bli meir glad i det som kyrkja står for, både praktisk og forkynninga.



**Siri Eikemo,
Skånevik**

1. Det kjekkaste med å vera med i soknerådet er å få ta tiltak og arrangement i bygda vår. Å oppleve at me er eit godt team som utfyller kvarandre og dreg lasset i lag er veldig fint.
2. Kyrkja er ein god møteplass og for meg er det viktig at dei som kjem skal kjenna at dei er velkomne og at dei får med seg noko som har verdi.
3. Dei fleste har eit forhold til kyrkja og når ein er med i soknerådet kan ein påverka mykje av det som skjer i kyrkja lokalt. Me treng kyrkja og kyrkja treng oss. Har me ikkje nokon som engasjerer seg så kan me ikkje få til dei gode fellesopplevingane som me gjerne vil at kyrkja skal gje oss.



**Reidun Holmen,
Etne**

1. Å få ta del i arbeidet på innsida av kyrkja. Samhaldet og alt kyrkja bidrar med i bygda. Og så er dugnadsånden stor blant alle.
2. Kjenner godt kyrkja, men ser nå kor mykje planlegging og arbeid det er til kvart arrangement.
3. Du blir kjend med nye folk. Får gjera noko positivt for både seg sjølv og andre.



**Grethe Håland
Hjelmtveit,
Etne**

1. Eg har fått vore med på mykje kjekt medan eg har vore i soknerådet, og har blitt utfordra på ein del ting som t.d. det å vera kyrkjevert.. Det var litt skummelt i byrjinga å stå i døra og ynskja velkommen, men det kom seg etterkvart. Eg har blitt kjend med mykje kjekke og hyggjelege folk som eg set pris på.
- 3 Eg har fått bekrefte at kyrkja er for alle.
4. Det å vera med i Soknerådet har vore kjekt, interessant og lærerikt. Ein blir kjend med nye folk og ein får eit innblikk i korleis kyrkja vert driven.



TRENG DEG!

Soknerådet, kva er det?

Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden der du bur. Soknerådet har stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til kyrkjelyden spenner over mange tema – m.a. barne- og ungdomsarbeid, gudstenester og kyrkjelege handlingar, musikk, misjon, miljø og rettferd og dessutan jus og økonomiforvaltning.

Her er nokre dømme på soknerådet sitt ansvarsområde:

- Trusoppplæring blant døypte 0-18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgsteneste)

- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

Soknerådet møtest 2-5 gonger i halvåret. Medlemmane vert valde for fire år.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemmar viste at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meiningsfylt å vere med i soknerådet. 85 prosent synest vervet er meir eller like tilfredsstillande som dei hadde forventa.



**Grethe Tesdal,
Etne**

1. Det kjekkaste/viktigaste er at eg er blitt kjend med mange kjekke folk. Me er ein god gjeng som deler broderleg på dei forskjellige oppgåvene me har i rådet.
2. Det skjer mykje meir i kyrkjeleg samanheng enn det folk flest er klar over. Og det er ein del arbeid som ein ikkje ser frå utsida som må gjerast og organiserast. Veldig interessant å ta del i. Og veldig viktig. Me treng ei "levande kyrkja og kyrkjelyd".
3. Som medlem av soknerådet kan du vera med på å utvikle kyrkja. Dette er eit sosialt verv, som gir glede og mening. Og ein god erfaring å ta med seg vidare. Eg trur det er viktig med mangfald i eit sokneråd, så blir du spurd, sei JA!



**Solgunn Dalseid
Vaa,
Etne**

1. Det kjekkaste er alle tilstellingane eg har vært med på, alt frå festar, dugnad på kyrkjegardane, bispevisitas eller enkle kyrkjekaffiar. Me har hatt det kjekt både i planlegginga og gjennomføringa. Det har også vore fint å vera saman med dei andre i soknerådet, menneske som eg elles aldri hadde vorte kjent med.
2. Eg har lært mykje på dei åra eg har vore i soknerådet. Eg har fått sett kor mykje bra som blir gjort i kyrkja, eg meiner me kan vera stolte av kyrkja vår i Etne som har eit godt tilbod til både barn og vaksne.
3. Eg vil seia at det er fint å vera i soknerådet. Det er heilt overkommeleg med oppgåver, ein får bli betre kjent med arbeidet i og rundt kyrkja og i tillegg får ein treffe nye menneske.

Gudstenestekalender



Grunna endringar i personalsituasjonen etter 1. juni, er ikkje gudstenestelista endeleg etter den dagen. For meir info og gudstenester etter 1. juni, sjå etne.kyrkja.no.

14. april	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
18. april	19.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
19. april	11.00	Grindheim	Høgmesse	Stein Ove Skadal
	18.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
20. april	23.00	Stødle	Påskennattsmesse	Per Hjemdal
21. april	11.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	Stein Ove Skadal
	12.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
22. april	11.00	Fjæra	Høgmesse	Stein Ove Skadal
28. april	18.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
04. mai	11.00	Etne	Konfirmasjonsgudst.	Per Hjemdal
05. mai	11.00	Skånevik	Konfirmasjonsgudst.	Stein Ove Skadal
11. mai	11.00	Etne	Konfirmasjonsgudst.	Per Hjemdal
17. mai	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste.	Stein Ove Skadal
	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	13.30	Fjæra	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
19. mai	11.00	Stødle	Høgmesse	Stein Ove Skadal
26. mai	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
	17.00	Skånevik	Høgmesse	Per Hjemdal
30. mai	11.00	Gjerde	Høgmesse	Stein Ove Skadal
02. juni	11.00	Fikse	Friluftsgudsteneste	Per Hjemdal
09. juni	11.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	
	11.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	
10. juni	11.00	Frette	Høgmesse	
16. juni	11.00	Skånevik	Høgmesse	
23. juni	11.00	Etne	Høgmesse	